

*Hedda Gabler*

## Ikon og folkehelt

☞ Henrik Johan Ibsen var fødd i Skien i 1828. Faren var ein rik forretningsmann, og mora kom òg frå ein velstående handelsfamilie. Nederlaget og prestisjetapet var derfor stort da faren gjekk konkurs, og familien måtte flytte ut av byen. Fleire biografar har lagt vekt på denne hendinga som ei drivkraft for Ibsen seinare i livet.

☞ I 1843 flytte Ibsen til Grimstad. Her arbeidde han som apotekarlærling, samstundes som han for alvor tok til å skrive. I 1850 drog han til Kristiania for å studere ved «Heltbergs studentfabrikk». Her møtte han både Vinje, Bjørnson og Lie, og han byrja å publisere egne tekstar.

☞ I perioden 1850–1862 arbeidde Ibsen som sceneinstruktør, dramatisk forfatter og teaterleiar, først i Bergen, seinare i Oslo. I Bergen vart han kjend med Su-



Foto: Scanpix

zannah Thoresen, som han gifte seg med i 1858. Suzannah var ei sterk og kunnskapsrik kvinne som skulle bli viktig for Ibsen. Ho kom med innspel til tekstane hans og var både inspirator og kritikar.

☞ Ibsen hadde vore leiar for Det Norske Theateret i Kristiania, men i 1862 gjekk teateret konkurs, og Ibsen opplevde nokre vanskelege år både økonomisk, kunstnarleg og privat. I 1864 forlét han og kona Noreg og busette seg så i Italia og Tyskland. Fedrelandet besøkte dei berre nokre få gonger i denne utanlandsperioden, som skulle vare i 27 år. Men det var i desse åra Ibsen fekk det store kunstnarlege gjennombrøtet sitt, både i Noreg og ute i Europa.

☞ Først i 1891 flytte Ibsen og kona attende til heimlandet, og dei busette seg i Arbins gate like ved Slottet i Oslo. Ibsen var no ein kjend diktar, ja ein kjendis. Han

hadde ein dagleg spasertur på same tid kvar dag, frå heimen sin og ned til stamkafeen Grand Café, og mange menneske kom berre for å sjå han spasere. Ibsen døydde i 1906, etter fleire års sjukdom. Han hadde da vorte eit nasjonalt ikon og ein folkehelt, og han vart gravlagd i Æreslunden på Vår Frelzers gravlund i Oslo.



## Frå nasjonalromantikk til modernisme

☞ Forfattarskapen til Ibsen kan delast i fire fasar. I førstninga skreiv Ibsen *historiske drama* i nasjonalromantisk ånd. Motiva var henta frå norsk historie, og handling og konflikhtar går føre seg i ei fjern fortid. Eit sentralt tema i fleire av desse drama er tanken om *samkjensle og nasjonalt sjølvstende*, og heltane er staute nordmenn som kjempar for land og folk.

☞ Men frå og med *Brand* (1866) skreiv Ibsen det vi kallar *idédrama* – tekstar der **i** han drøftar eksistensielle emne og spørsmål. Han skreiv mellom anna om tru og tvil, om identitet og identitetsløyse. Deretter vart han ein del av det moderne gjennombrotet i norsk litteratur og samfunnsdebatt med sine *realistiske samtidsdrama*.

☞ Frå midten av 1880-åra ser vi at karakterane hos Ibsen blir meir samansette og nyanserte. Han gjer ein djupdykk i livsvilkåra til den moderne kvinna og mannen, og med dei såkalla symboldrama introduserer han *symbolismen* og *modernismen* i norsk dramatikk.



Liv Ullmann som Agnes i *Det Norske Teatret* si oppsetjing av teaterstykket «Brand» av Henrik Ibsen. Svein Erik Brodal spelar rolla som Brand. Foto: NTB / Scanpix

## Idédrama og eksistensielle spørsmål

☞ Ibsens store gjennombrøt som dramatiker kom i 1866 med idédramaet *Brand*. Stykket handlar om presten Brand og dei ufråvikelege, harde krava han stiller til seg sjølv og omverda. Brand er først ein populær prest i ei lita fjellbygd, men han driv budskapen sin så langt at kyrkjelyden til slutt jagar han opp på fjellet. Eit snøskred tek med seg både Brand og bygda.

☞ I 1867 gav Henrik Ibsen ut det dramatiske diktet *Peer Gynt*. Eit dramatisk dikt er bygd opp som eit skodespel med replikkar og inndeling i scener og akter, men sjølv replikkane har rim og fast rytme. *Peer Gynt* er eit av dei mest framførte stykka til Ibsen, trass i at persongalleriet er svært omfattande og handlinga går føre seg både i Noreg og i



Dennis Storhøi i rollen som Peer Gynt, i møtet med seterjentene.  
Foto: Kristoffer Øverli Andersen / VG / Scanpix

utlandet, til havs og på land, i den verkelege verda og i draumeverda.

☞ Med *Peer Gynt* tok Ibsen eit oppgjær med det han såg på som typisk norske karaktertrekk og norsk veremåte. Ibsen meinte at nordmenn var «seg selv nok». Peer Gynt lyg, snik seg unna problem, driv med tvilsame forretningar og sviktar menneske rundt seg. I kontrast til Peer står

Solveig. Ho ventar tolmendig på kjæras-  
ten sin heime i Noreg. I henne såg Ibsen  
mange av dei kvalitetane han meinte det  
var verdt å ta vare på, og det er kjærleiken  
til Solveig som bergar Peer frå å gå under.

☞ *Peer Gynt* er eit stykke som handlar  
om å søkje etter eigen identitet. Peer prø-  
ver å finne ut kven han er, men i staden  
for ein fast kjerne og stabil personlegdom  
finn han fleire identitetslag. Og nettopp  
spørsmålet om identitet gjer stykket mo-  
derne og evig aktuelt. På nytt står Solveig  
som kontrast til identitetsløysa, for i kjær-  
leiken, trua og håpet hennar er Peer eit  
heilt menneske.



*Peer Gynt* i Bjarne Hjelmelands skikkelse då stykket vart  
sett opp ved Sfinksen og Pyramidene i Egypt i 2006.

Foto: Heiko Junge / Scanpix




*Peer Gynt* med Toralv Maurstad  
og Tore Segelcke i 1955

## Kritisk realisme og det moderne gjennombrøtet

☞ Det moderne gjennombrøtet og kritisk realisme er for norsk litteratur nærast synonymt med Ibsen og hans samtidsdrama: *Samfundets Støtter* (1877), *Et Dukkehjem* (1879), *Gengangere* (1881) og *En Folkefiende* (1882). I disse tekstane utfordrar Ibsen tradisjonelle verdiar og normer som han meinte var undertrykkjande og hyklerske. Tanken var at menneska – både mann og kvinne – måtte få leve i fridom og sanning.

### *Et Dukkehjem*

☞ I *Et Dukkehjem* er det Nora som må ta eit oppgjær med sitt eige liv. Ektemannen  omtaler Nora som lerkefuglen sin, han ser på henne som ei leikedokke, ikkje som eit vakse og likeverdige menneske. Men også Nora sjølv spelar rolla som



lerkefugl etter beste evne, heilt til det går opp for henne at ho ikkje er meir for mannen sin enn nettopp det. Da forlèt ho mann og barn for å finne seg sjølv. *Et Dukkehjem* vekte sterke reaksjonar da stykket vart framført. På tyske scener nekta dei å setje opp stykket om ikkje Ibsen endra slutten. At Nora gjekk frå både mann og barn, vart for mykje å svelgje for publikum.

☞ *Et Dukkehjem* var òg eit innlegg i samtidsdebatten om stillinga til gifte kvinner. Gifte kvinner var juridisk umyndige, det var mannen som rådde i økonomiske spørsmål. Han hadde også rett til å avgjere korleis barna skulle oppsedast, og kvar familien skulle bu. Lova stadfesta at kvinner vart rekna som store barn, ikkje som vaksne.

### ***Gengangere***

☞ I *Gengangere* møter vi fru Alving, som mange ser på som motstykket til Nora.

**i** Fru Alving er kvinna som har halde ut i eit ekteskap der fasade var viktigare enn kjærleik, omsorg og sanning. Ektemannen hennar er død, men framleis jobbar ho hardt for å skjule sanninga om livet han førte. Først da sonen kjem heim sjuk av syfilis – ein arv etter det utsvevande livet til faren – raknar alt. Barneheimen ho har bygd i mannens namn, brenn ned, og til sist hjelper ho sonen med å ta livet sitt.

☞ Skodespelet vart slakta i pressa – somme samanlikna det med «en åpen kloakk». I *Gengangere* spelar arv og miljø ei sentral rolle, her finst ikkje lenger noka tru på at menneska kan søkje fridom. Fru Alving finn ikkje vegen ut slik Nora gjorde.



*Fru Alving spelt av Marit Østbye i Riksteatret si oppsetjing av Gengangere. Foto: Lise Åserud / Scanpix*



## Ibsens symbolisme: tidleg modernisme

☞ Frå og med *Vildanden* (1884) skjer det noko nytt i Ibsens forfattarskap. Han riv

**i** seg laus frå det realistiske teateret og skriv psykologiske og symbol- ladde drama. Vi finn att drag i tekstane som vi har sett før, for eksempel konflikten mellom ideal og røyndom og mellom løgn og sanning. Men Ibsen går no djupare inn i karakterane sine og gjer dei meir komplekse. Han nyttar dessutan i større grad symbol i tekstane sine, symbol som ikkje er uttømmende, men kan tolkast på fleire måtar.

☞ I *Vildanden* er det mykje mystikk knytt til mørkeloftet hos familien Ekdal. På dette loftet gøymer dei ei skadeskoten villand. Denne villanda blir sjølv symbolet på den vesle familien, der alle er

skadeskotne på kvar sin måte. Hjalmar Ekdal får vite at Hedvig eigentleg ikkje er dottera hans, og vender henne ryggen. Hedvig blir knust og tek til sist livet sitt.

☞ I *Vildanden* peiker Ibsen enda ein gong på kva det kan koste å leve i sanning. I stykket står dei to personane Gregers Werle og Dr. Relling som kontrastar i synet på nettopp dette. Gregers Werle meiner ein må leve i «full sanning», og han medverkar sterkt til at Hedvigs eigentlege far blir kjend. Dr. Relling er av ei anna oppfatning. Mot slutten av skodespelet summerer han opp budskapet sin slik: «Tar De livsløgnen fra et gjennomsnittsmenneske, tar De lykken fra ham med det samme.»

☞ Andre kjende drama frå denne perioden er *Fruen fra havet* (1888), *Hedda Gabler* (1890), *Byggmester Solness* (1892) og *Når vi døde vågner* (1899).

# Hedda Gabler – ei moderne kvinne

☞ Hedda Gabler, hovudpersonen i dramaet med same tittelen, er på mange

**i** måtar eit eksempel på ei moderne kvinne. Ho er ei av dei mest mystiske kvinnene hos Ibsen, vakker og omsverma, kravstor og eigenrådig, men også eit offer for konvensjonane i samtida og for egne ideal.

## Personane rundt Hedda

☞ Far til Hedda var general, og rang og status er viktig for henne. Mora får vi ikkje vite noko om, men det er tydeleg at Hedda har vakse opp i eit maskulint miljø. Mellom anna har ho to pistolar etter far sin som ho har lært å bruke. Faren har ikkje etterlate Hedda nokon arv, og sidan ho er ei kvinne frå overklassen, er vegen til ein yrkeskarriere stengd. Ho gifter seg med



*Dramatisering av ei scene frå Hedda Gabler.*

*Medverkande: Dramaelevar ved Vågsbygd videregående skole. Instruktør: Ellen Kalvenes. Videoproduksjon: Kristin Eriksen Vold på oppdrag for NDLA*

Jørgen Tesman for å sikre seg den posisjonen og levestandarden ho vil ha. Planen er at Tesman skal gjere karriere på universitetet. Han er ein snill og veik mann – ein tøffelheld, synest Hedda, som ikkje elsker mannen sin. To andre menn er òg sentrale i stykket. Den eine er Ejlert Løvborg, ein tidlegare flamme hos Hedda og kanskje



*Fleirkulturell Hedda Gabler på Riksteateret. Norsk-indiske Lavleen Kaur spelar Hedda, norsk-pakistanske Assad Siddique spelar Eilert Løvborg.  
Foto: Tor G. Stenersen / Scanpix*

den ho kjenner størst indre slektskap med. Den andre mannen er husvennen, assessor Brack.

### **Handlinga**

☞ Hedda og Jørgen Tesman er heime att etter ei lang bryllaupsreise. Hedda kjedar seg, for Tesman er berre oppteken av oppgåva han skriv på. Denne oppgåva kan gi Tesman ei stilling på universitetet. Men så får ekteparet Tesman vite at Ejlert Løvborg er ein sterk kandidat og konkurrent til stillinga, og Tesman blir uroleg. Løvborg har tidlegare hatt eit alkoholproblem, men dei siste åra har han budd utanbys og greidd å halde seg unna alkoholen. Han har dessutan gitt ut ei bok som har vorte godt motteken, og eit nytt manuskript er alt ferdig. I arbeidet sitt har han fått hjelp av Thea Elvsted, som er forelska i han og reiser etter han til byen.

☞ Løvborg kjem på besøk til Tesmans, og det oppstår spenningar mellom han og Hedda. Hedda er sjalu på forholdet mellom Løvborg og fru Elvsted og på samarbeidet deira om manuskriptet. Ho provoserer Løvborg til å slå følgje med Tesman og nokre andre som skal ut på byen.

☞ Løvborg blir full og mister manuskriptet sitt på veg heim frå denne byturen. Han trur manuskriptet har gått tapt, men Tesman har funne det og gitt det til Hedda. Han vil at Løvborg skal få att manuskriptet sitt. Når Løvborg kjem, er han skamfull og fortvilt. For å skåne Thea Elvsted fortel han til henne og Hedda at han har rive sund manuset. Hedda røper ikkje at det er ho som har det. I staden oppmodar ho han til å ta livet sitt og «dø i skjønnhet» framfor å leve med skamma og skandalen, og ho gir han ein av dei to pistolane sine. Deretter brenner ho manuskriptet. Overfor Tesman forsvarar

ho seg med at ho har gjort det for å sikre han stillinga på universitetet.



*Hangzhou Yue Opera framførte sin versjon av Hedda Gabler under åpninga av Ibsen-året 2006.  
Foto: Jarl Fr. Erichsen / Scanpix*

☞ Kort tid seinare kjem assessor Brack med nyheita om at Løvborg er funnen død på eit horehus, med ein avfyrt pistol i lomma. Pistolen hadde gått av ved eit uhell. Men Brack har kjent att pistolen som Løvborg bar på seg, og han gjennomskodar kva Hedda har gjort. Han prøver

å presse Hedda til å bli elskarinna hans. Hedda orkar ikkje tanken på at Brack skal ha makt over henne resten av livet. Ho tek den eine pistolen ho har att, og skyt seg.

### **Eit framandgjort og einsamt liv**

☞ Hedda er ei kvinne som er oppteken av fasade og konvensjonar – og ho har høge ideal. Ho stiller store krav til seg sjølv, til menneska rundt seg og til livet generelt. Fallhøgda blir derfor stor når ho opplever at ingen av mennene rundt henne lever opp til ideala hennar.

☞ Hedda finn heller ikkje noka mein- ing i rolla som hustru i eit borgarleg for- nuftsekteskap. Ho vil noko anna, noko meir, men samtidas kjønnsroller og sam- funnsnormer gjer det umogleg for henne å finne ein sjølvstendig identitet og skape seg eit meningsfullt liv.

☞ Samstundes som Hedda ønskjer seg menneskeleg nærleik, held ho alle på

avstand. Ho vil gjerne få oppleve å vere til nytte, men ingen treng henne egentleg. Ein stad i teksten seier ho at det einaste ho duger til, er å kjede seg til døde. Man- gelen på meining i eige liv, kombinert med sjalusion på forholdet mellom Ejlert Løv- borg og Thea Elvsted, gjer henne manipu- lerende og destruktiv.

☞ Både i samtida og seinare har ein fokusert mykje på Ibsen som ein realistisk forfattar som sette problema under de- batt. Men med *Hedda Gabler* og dei andre stykka frå 1890-åra peiker Ibsen i større grad fram mot eit meir modernistisk teater. Han set mellom anna søkjelyset på fleire av problemstillingane ved modernis- men, som opplevinga av meiningstap og isolasjon, av framandgjering og identitets- løyse.

## Ibsen i dag



Tidligare kultur- og kyrkjeminister Trond Giske ved eit portrett av Henrik Ibsen. Foto: Lise Åserud / Scanpix

☞ Nest etter Shakespeare er Henrik Ibsen den mest spela dramatikaren i verda. Nora, Hedda, Peer Gynt og Hedvig blir tolka av kinesiske, brasilianske, russiske og indiske skodespelarar, for å nemne nokon. Men kvifor alt engasjementet rundt Ibsen? Kva er det som gjer at han framleis er så aktuell?

☞ For det første tok Ibsen opp tema som er allmennmenneskelege. For det andre handlar Ibsens samtidsdrama om spørsmål som framleis er aktuelle og til dels kontroversielle, trass i at handlinga i desse stykka er lagd til overklasse miljø i Kristiania på slutten av 1800-talet. Nora i *Et Dukkehjem* inspirerer kvinner i ulike kulturar i dag, kulturar der jamstillinga for kvinner ikkje er komen like langt som i Noreg. *Gengangere* handlar om tema som utruskap, kjønnsjukdommar og aktiv dødshjelp – tema som også i dag er kontroversielle. Og i *Hedda Gabler* tek Ibsen opp forholdet mellom kjønna og søkinga etter identitet, i tillegg til framandgjering og meiningstap. Dette er emne som aldri går ut på dato.



StøpeSkien

